

Tek havgapet med inn i Grieghallen

I morgon klokka 14 går startskotet for Reiseklar 2012. Der vil du finne Sotra og Øygarden i miniatyr. Med grasmatte, hole-in-one-tevling og matservering, går Kysteventyret for tittelen «beste utstiller».

Reiseklar er den største reiselivsmessa på Vestlandet. Kysteventyret merka seg ut då dei vart kåra til «beste utstiller» i fjor.

- I fjor nytta vi gamle ting frå naust, medan vi i år har tenkt å fremje nyskaping og bruke moderne fiskereiskapar. Vi skal og slå eit slag for golf, og har fått tak i ei kunstgrasmatte og diverse golfutstyr. Det vert hole-in-one-tevling, seier Siv Støldal.

Designarane Siv Støldal og David Harris har hatt fritt spelerom med standen til Kysteventyret.

- Vi vil og nytte lokale produkt, som roser frå Ulveseth Gartneri, i dekoren.



Bilete frå Reiseklar 2011.

Alle foto: Inger Elise J. Økland

Cornelius, Glesvær kafe, Mett og God og Urtemakeriet står for serveringa, og skal profilere Fiskarbondens Marknad.

Messa er ope frå kl 14-18 fredag og kl 11-17 laurdag og søndag. Du finn Kysteventyret på stand nr 109, ved kafeen!

Vil sikre rekrutteringa med «pakketilbod»



Åge Landro (f.v), Ivan Ole Moldskred og Per C. Aarsand. Foto: Inger Elise J. Økland.

I samarbeid med Vest Næringsråd, arbeider Gode Sirklar med eit nytt prosjekt som skal sikre nyrekruttering til næringslivet i Fjell, Sund og Øygarden.

Ideen er å utvikle eit «pakketilbod» som syner kva for moglegheiter som finst her i regionen, og som kan lokke gode kandidatar hit.

På bakgrunn av eit styrevedtak i Gode Sirklar nyleg, er arbeidet med å finne ei løysing som bidreg til meir rekruttering i gang. Prosjektet er heilt i startgropa, og førebels berre på ide-stadiet.

Vil kartleggje behovet

- Alle skrik etter ingeniørar, men kor stort er behovet? Vi ønskjer å kartleggje det faktiske behovet før vi går vidare, seier prosjektleiaren Ivan Ole Moldskred i Gode Sirklar.

- Tilgang på ressursar er det største hinderet for ny vekst for svært mange bedrifter. Det er ein totalpakke som avgjer om til dømes ein ingeniør vel å flytte med seg familien for å arbeide i vår region. Ved å syne kva vi kan tilby, kan vi trekkje til oss kompetansen vi treng, seier Åge Landro, konserndirektør i Oceaneering og observatør i styret for Gode Sirklar.

Butilhøve, barnehage, skule og andre tenestetilbod er viktige moment når det gjeld å få folk til å søkje jobb. Moglegheiter for jobb til partnaren er eit anna moment.

Livskvalitet

- Kvifor er det attraktivt å bu i Fjell, Sund og Øygarden? Spanande karrieremoglegheiter, kort veg til jobb og kort veg til det ein treng av tenestetilbod gjev god livskvalitet – dette må vi profilere, meiner Landro.

VNR-leiar Per C. Aarsand meiner at ein må auke kunnskapen om betydninga av å ha ei personalleing i bedriftene, og får støtte frå Landro. Det kan bli aktuelt å arrangere kurs for å dele erfaringar knytt til strategisk arbeid med å sikre tilgang på personell.

Ein «profileringspakke» vil vere til særskilt hjelp for SMB-bedrifter. Fleire skatte kroner til kommunane er ei anna fortjeneste.

Jaktar likesinna til nytt bedriftsnettverk

I desse dager vel CCB Kollsnes ut samarbeidspartnarar til eit heilt nytt nettverk. Formålet er å skape eit testmiljø på Kollsnes, og i fellesskap tilby vindkraftrelaterte produkt og tenester til Europa.

Innovasjon Norge har signalisert støtte til eit forstudium som skal danne grunnlaget for eit forprosjekt. Dette skal gjennomførast i 2012. I mellomtida ønskjer CCB Kollsnes å leige ut tomten til bedrifter som treng å lagre utstyr.

- Vi arbeider med ein generalplan for tomten, i samarbeid med Gode Sirklar. Planen omhandlar tre fasar fram mot 2020. Moglegheitene er store. I første omgang vil arealet kunna bli brukt til testing av utstyr og pilotar, seier Irene Lillehammer, dagleg leiar for CCB Kollsnes.

I november var CCB Kollsnes representert på vindkraftmessa EWEA i Amsterdam. Profilering og nettverksbygging over tid har gjeve resultat.

- Det er mange aktørar som vil inn på Kollsnes. Namnet vert assosiert med vindkraftsatsinga i Noreg. Vi har fleire konkrete interessentar, seier Lillehammer. CCB Kollsnes ønskjer å tilretteleggje for faste



Ill.: John Ringstad.

etableringar på tomten, som til dømes produksjonshall, verkstad, kontor og kanskje eit betongstøperi. Eit treningssenter for opplæring i sikkerheit og tilkomstteknikk kan og bli aktuelt, legg ho til.

- Vi må finne løysingar for å skape lønnsemd på kort og lang sikt, understrekar ho.

Det er mange utfordringar knytt til vindkraft, og utviklinga følgjer teknologien. Vekstmoglegheitene på Kollsnes er gode. Leveransar til Europa vil vere viktig, ettersom havbunnen langs norskekysten for det meste er djupare enn det som er ideelt for botnfaste vindmøller.

- I Noreg har vi meir enn 40 år med erfaring innan olje og energi, og eit verdsleiarande subseamiljø på Ågotnes. Denne kunnskapen vil vere gunstig i vindkraftmarkedet, seier Lillehammer.